

Årsmelding EIL Fotball 2021

DEL 2

Årsmelding - Arrangement i 2021

Miniturnering

06.juni arrangerte vi ei spontan miniturnering der vi inviterte klubbar i nærområdet til å være med. Florø fotball gutar 2014 stilte med nokre lag og det var til saman 21 fotballglade miniputtar samla for ei lita turnering på stadion denne søndagsformiddagen.

Tine Fotballskule

Vi arrangerte Tine fotballskule 28.06.21-01.07.21 for aldersgruppa 6-13 år. Det var 4 flotte dagar der været var på vår side. Det var 38 påmeldte. Og vi hadde god hjelp av dei eldste jente og guttespelarane våre som instruktørar, heile 9 instruktørar hadde vi.

Kongleriket turnering

Søndag 03.oktober arrangerte vi Kongleriket Miniputt-turnering med temaet Trafikktryggleik. Det var heile 90 lag påmeldte til turneringa. Trass i nokre utfordringar med veir og vind søndagsmorgning, var dagen fylt med fotballglede og mykje god aktivitet for våre yngste fotballspelarar.



Arr.ansvarleg
2021 Silje
Knapstad



Årsmelding for FairPlay 2021

Etter eit spesielt år i 2020 grunna Covid19-restriksjonar, vart det i løpet av 2021 meir aktivitet på Eikefjord Idrettspark. Grunna lite kampar på vårsesongen, blei det gjennomført Fair Play-møter med alle aldersbestemte lag før haustsesongen. I tillegg til seriefotball vart det også i oktober arrangert Kongleriket Miniputtturnering, der Fair Play alltid er i fokus. Vi set ekstra pris for det tilbodet Eikefjord fotball kan tilby barn, ungdommar og vaksne i bygda vår. Takk til alle som har bidratt til glede, fysisk aktivitet og fellesskap i år! Både på og utanfor bana viser spelarar, trenarar, dommarar, foreldre og andre med roller i fotballen god sportsand. Saman lærer ein fairplay og minner kvarandre på kva ein forventar av kvarandre, ein viser kvarandre respekt ved måten ein kommuniserar på sjølv om ein kan vere ueinige. Vi viser kvarandre respekt ved å vise at alle er like verdifulle. Vi hjelper kvarandre til å bli enda betre med dette. I avtalen FairPlay-kontrakten og i samtalen under Fairplay-møtet underteiknar spelarar og trenarar på fleire punkt som gjer at forventningne er tydelege og retningsgjevande for kvardagen.

Dette er Fair play-regler som undertegnede lover å følge:

- Vis respekt for treneren, dommeren og spillets regler
 - Vis respekt for laget og lagkameratene dine
 - Vis respekt for dine motspillere
- Møt presis til trening, kamper eller andre avtaler
- Ikke vær med på mobbing, rasisme eller annen dårlig oppførsel
- Bidra til at alle trives og har det gøy med fotballen
 - Tap og vinn med samme sinn

Klubben lover å legge til rette for at alle kan ha det gøy med fotballen, og at sporten preges av respekt, rettferdighet og positive holdninger.

Etter sesongen var det tid for å kåre årets Fair Play-spelar på laga i ungdomsfotballen.

Spelarane sjølv stemte fram den dei meinte fortente prisen. Følgande spelarar fekk prisen for sesongen 2021:

G13/14: Steffen Steindal

Sandvik J13/14: Hedda

Kristin Austreim G15/17:

Torbjørn Løkkebø Redal

Endestad

Fair Play-ansvarleg Torbjørn

Årsmelding dommar Eikefjord fotball.

I 2021 hadde Eikefjord fotball dommarar og veiledarar som var aktive på ulike nivå. Vegard Mathisen-Yndestad dømde på seniornivå i fotballkretsen. Både som 4.dommar i

Obosligaen, Assistentdommar i Post-Nord ligaen, og hovuddommar i Norsk-tippingligaen og nedover. Da

Dan-Kåre Esp var veileder i Norsk-tipping ligaen og nedover. Han var også medlem av dommarkomiteen i Sogn og Fjordane fotballkrets.

Tale Mathisen Seljeseth dømde på aldersbestemt nivå i Eikefjord. Ho dømde frå G17, og alderbestemt i lågare aldersklassar. Ho debuterte også som dommar i 9ar fotball.

Mads-Mikkel Due dømde på alderbestemt nivå i Eikefjord. Han dømde G17, og aldersbestemt i lågare årsklassar.

Vi har også hatt fleire ungdommar som har vore velvillige til å dømme kampar på aldersbestemt nivå. Dei som har ønska det har fått prøvd seg.

I førekant av kongleriketurneringa 2021 hadde vi klubbdommarkurs for dommarane som ville vere med å dømme under turneringa. På turneringsdagen hadde vi

dommarar i alderen 11-16 år. Det var mange fine prestasjonar, og forhåpentligvis fleire framtidige dommarar. Sesongen var og for dommarane prega av Corona.

Noko som medførte færre kampar for dei som ville dømme. Trass i dette har vi hatt mange gode prestasjonar av dommarane våre i sesongen.



Sosial samling med teori-pizza- europa league



Dommar- ansvarleg
Vegard Mathisen-
Yndestad